

## KOMMISJONSVEDTAK

2008/EØS/22/29

av 29. april 2004

## om godkjenning av visse kriseplanar for kamp mot klassisk svinepest

[meldt under nummeret K(2004) 1609]

(2004/431/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til tilmeldingstraktaten for Den tsjekkiske republikken, Estland, Kypros, Latvia, Litauen, Ungarn, Malta, Polen, Slovenia og Slovakia, særleg artikkel 2 nr. 3,

med tilvising til tilmeldingsakta for Den tsjekkiske republikken, Estland, Kypros, Latvia, Litauen, Ungarn, Malta, Polen, Slovenia og Slovakia, særleg artikkel 21,

med tilvising til rådsdirektiv 2001/89/EF av 23. oktober 2001 om fellesskapstiltak for bekjempelse av klassisk svinepest<sup>(1)</sup>, særleg artikkel 22 nr. 3 og artikkel 29 nr. 3 tredje leddet, og

ut frå desse synsmåttane:

- 1) I kommisjonsvedtak 1999/246/EF av 30. mars 1999 om godkjenning av visse beredskapsplaner for kontroll med klassisk svinepest<sup>(2)</sup> vart desse planane godkjende for Belgia, Danmark, Tyskland, Hellas, Spania, Frankrike, Irland, Italia, Luxembourg, Nederland, Austerrike, Portugal, Finland, Sverige og Det sameinte kongeriket.
- 2) Den tsjekkiske republikken, Estland, Kypros, Latvia, Litauen, Ungarn, Malta, Polen, Slovenia og Slovakia har lagt fram for godkjenning i Kommisjonen kriseplanar for motkjemping av klassisk svinepest.
- 3) Desse planane stettar dei kriteria som er fastsette i direktiv 2001/89/EF, og gjer det mogleg å nå dei ønskete måla dersom planane vert ajourførde jamleg og effektivt gjennomførde.

4) Kriseplanane som er lagde fram av dei nye medlemsstatane, bør difor godkjennast.

5) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

GJORT DETTE VEDTAKET:

*Artikkel 1*

Kriseplanane for motkjemping av klassisk svinepest som er lagde fram av dei nye medlemsstatane som er førde opp i vedlegget, er godkjende.

*Artikkel 2*

Dette vedtaket skal nyttast med atterhald for og frå den datoen då tilmeldingstraktaten for Den tsjekkiske republikken, Estland, Kypros, Latvia, Litauen, Ungarn, Malta, Polen, Slovenia og Slovakia tek til å gjelde.

*Artikkel 3*

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 29. april 2004.

*For Kommisjonen*

David BYRNE

*Medlem av Kommisjonen*

(\*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 189 av 27.5.2004, s. 31, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 47/2005 av 29. april 2005 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 46 av 15.9.2005, s. 8.

<sup>(1)</sup> TEF L 316 av 1.12.2001, s. 5. Direktivet endra ved tilmeldingsakta av 2003 (TEU L 236 av 23.9.2003, s. 381).

<sup>(2)</sup> TEF L 93 av 8.4.1999, s. 24. Vedtaket endra ved vedtak 2000/113/EF (TEF L 33 av 8.2.2000, s. 23).

*VEDLEGG***Liste over dei nye medlemsstatane som er nemnde i artikkel 1**

Kode	Stat
CY	Kypros
CZ	Den tsjekkiske republikken
EE	Estland
HU	Ungarn
LV	Latvia
LT	Litauen
MT	Malta
PL	Polen
SI	Slovenia
SK	Slovakia